

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 4

September 2021

Årgang 87 år


*Fusa sokn ser opp og fram*



Oppstartstid  
S. 1-16



Møta Stina  
S. 4-5



Olsok  
S. 6



Nye medarbeidarar  
S. 16





## FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandssosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Dagleg leiars. kyrkjevevje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Kyrkjevevje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjør 97 71 17 23

### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandssosen

### Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

### REDAKSJONSNEMND:

Hans Einar Markhus  
Toril Hjartåker Hauge

## Kor lenge varer ei bøn?

Søndag 11. juli var vi ein god gjeng samla i Lysekloster ruinar. Dette var på dagen 875 år sidan klosteret blei etablert i 1146. Det var munkar frå klosteret Fountains Abbey i England som kom over og busette seg her. Dyktige folk som gjorde at klosteret fekk stor innflytelse i heile regionen. Livet i klosteret var prega av rytmen mellom arbeid og bøn. Til fastsette tider la ein arbeidet til sides og tok tid til å be saman.

Omtrent på same tida blei Gulatingslova utforma. Dette er den eldste landskapslova i vårt land og har følgande innleiing: «**Det er ophavet til vore love, at vi skal bøje os mod øst og bede den hellige Krist om år og fred og om, at vi kan holde vort land beboet og vor landsherre uskadt. Han skal være vor ven og vi hans, men Gud skal være alles ven.**»

Ein reknar med at i klosteret i Lysekloster vart dette praktisert. Ein vendte seg mot aust og ba denne bøna og andre bønner tekne direkte frå Bibelen. Når vi søndag 11. juli 2021 gjorde det same, så steig vi inn i ein tradisjon og ei bøn som er bedt over landet heilt frå den første kristninga. Om bøna er bedt på 1200 talet eller i dag så er den lagra i himmelen. Og den varer til evig tid.

På denne måten så gjev bøna oss ein tilhørighet. Vi er ein del av noko som har vart gjennom lange tider. Det å stiga inn i tradisjonen blir viktigare for mange i vår tid. På mange stader av landet legg ein til rette for pilgrimsvandringar. Det er ein måte å gå inn i tradisjonen på og leve den ut vidare.

Det var ei ganske sterk erfaring i Lyskeloster denne søndagen. Å leggje seg på kne vendt om aust og be Herren om fred og velsigning over landet kjentes godt og rett. «Han skal være vor ven og vi hans, men Gud skal være alles ven»

Lysekloster vart nedlagt i 1536. Men i nesten 400 år steig det opp bønner frå denne staden. Og dei varer enno.

Eit ord som kom til meg under bønnesamlinga denne søndagen er frå Salme 84: «Kor elskelege dine bustader er, Herre Sebaot! Eg lengta, ja, tærtest bort av lengsel etter Herrens fergeardar. No jublar hjarte og kropp mot den levande Gud»

Folket på Lysekloster er borte, men bønene lever framleis.



Sokneprest  
Einar Ekerhovd

## Fusakalenderen for 2022

skal ha temaet «Vinter i Fusa».

Kanskje tok du nokre flotte vinterbilete i vinter som var?

Eller du har eit eller fleire frå tidlegare vintrar liggjande?

Send dei gjerne til oss på [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no) og bli med i

konkurransen om å pryda Fusakalenderen for 2022. Bileta

må vera av god oppløysing og helst ha liggjande retning.

**Frist for innsending av bidrag i år er 1. okt.**



Alle aktivitetar i kyrkja sin regi er prega av pandemien. Det kan difor på kort varsel bli endringar i Fusa sokn sitt planlagde program også i tida som kjem. Følg med i lokal-avisa og på Facebook for oppdateringar og evt. endringar.



## Ny liturgi

**For andre gong i forholdsvis kort tid skal me få ein litt endra høg-messeliturgi. Denne gongen er endringane berre små justeringar. Grunnen til desse justeringane er evalueringa av liturgiformen i 2011/2012. Resultatet vil vere at det vert meir heilskap i liturgiane over heile landet, men små variasjonar vil det framleis vere.**

*For oss i Fusa sokn er det fylgjande endringane som vil vere mest tydelege:*  
- etter Gloria syng me tre vers frå

salmen «Gud einast Gud i himmerik» (eller «Måne og sol» i familiegudstener)

- kyrkjelydssvara etter kvar tekstlesing går ut, me skal ikkje lenger svare «Gud vere lova»

- som Halleluja før evangelielesinga går me tilbake til leddet som er brukt tidlegare før tekstlesingane: «Gud vere lova. Halleluja, halleluja, halleluja».

Endringane er vedteke av Fusa sokneråd i møte 20. oktober 2020 og i soknemøte 3. juni 2021. Etter at også



Foto: Iman de Zwarte

biskopen har godkjent liturgien vil den verte innført i løpet av hausten.

**Iman de Zwarte**

## Timeglaset

Timeglaset er ein forunderleg innretning. Laga av to glaskuler med ein trang hals imellom, fylt med fin sand. Du kan snu glaset opp ned, enten i ei vogge, eller manuelt, så det står flatt på bordet. Opp blir ned, og ned blir opp.

Mange brukar det til å koke egg; når sanden har rent frå øvre kule til nedre, kan det ha gått 5 min. Idèen er at det tek nøyaktig like lang tid for sanden å renne ned kvar gang du snur det. Timeglas, som alle menneskelege påfunn, kjem i utallige variantar, frå nokre sekund til ein time før sanden byter plass frå oppe til nede, ved hjelp av tyngdekrafta.

Glaset må ein sjå gjennom, for det er heile poenget. Sanden kunne kanskje vere erstatta med vatn, eller olje, men det kompliserer, fordi luftbobler og trykk gjer gjennomstrøyminga ujamn. Nei, sand er perfekt, for så kan sanden og lufta der inne byte plass, som toget på endestasjonen, nokon går og nokon kjem. Utforminga av glaset er opp til designaren, frå kule til kjeleforma. Men tunnelen imellom må vere tynn og trang. Med for tjukk hals blir egget veldig blautkokt!

Genial klokke! Ingen batteri, alltid klar til innsats, blir aldri brukt opp! Tida som vi måler her, må vere tidsintervall. Start....stopp. Ikkje konti-



Foto: Iman de Zwarte

nuerleg tid som på kalenderen eller klokka. Timeglaset er perfekt til dette bruk.

Men det har sine sider. Lat oss definere tida sanden treng å renne ned som koketid. Start...koketid....stopp. Å måle halv koketid er ikkje enkelt. Viss du skulle snu glaset undervegs, vil alt bli rot, du mister oversikt, og alt blir kaotisk. Nei, mål koketid kvar gang!

I Hålandsdal kyrkje, den "nye" frå 1890, er det er eit timeglas på preikestolen. Eg vil anta at det skal symbolisere at livet her er forgjengeleg, at livet skal ta slutt når sanden er rent ned, når vår koketid er over.

Men, her er noko rart.

For den nedre kolben, der sanden vert samla opp, det må vere fortida vår, tida vi har brukt til no. Nu, akkurat no, må vere flaskehalsen, den sanden renn og renn. Og enten du

innrømmer det eller ikkje, sanden renn like fort for oss alle!

Den øvre kolben må så vere framtida vår, så mykje sand vi har att. Men her får vi eit problem.

For den nedre sanden (tida) kan vi måle i dagar og år frå fødsel. Uten problem. Heilt nøyaktig viss vi vil, til minste sekund, dvs sandkorn.

Men den øvre? Kan vi seie at vi har 12 år og 24 dagar att å leve, for så mykje sand er det att? Kanskje den øvre kolben er open, og doktoren fyller på ny sand kvar gong han blokkar opp årene dine og gjev deg ei pille?

Eg tenkjer heller at den øvre kolben er skjult, det er oss ikkje gitt å sei kor mykje sand som er att. "For dagen og tiden kjenner ingen" står det i Boka. Og godt er det! Tenk om vi kunne måle øvre sandnivå, og dei med mykje kapital kunne etterfylle sand? Og for oss andre er det berre å bestille kista med ein gang!

Også, her er meir.

Vårt livsens timeglas, kan vi snu det opp ned? Begynne på nytt? Dei færreste ville nok starte heilt på nytt. Bli født på nytt? Renaissance. Ny fødsel. Det må i så fall vere på den nye jorda, uten tårer og tenners gnissel. Der kan vi starte timeglaset på nytt!

*Men, mens vi ventar. Kok egget i fem minuttar og nyt det.*

**Ole Bjørn Eikeland**



# Stina Eide fortel om livet på Kongshaug musikkgymnas



**Ganske spontant søkte Stina Eide på Kongshaug musikkgymnas, den kristne, vidaregåande skulen på Lepsøy. Etter å ha gått der eit år, snakkar ho så varmt om skulen at det verkar unødvendig å spørja om ho skal halda fram. Ho er allereie godt budd på kva som møter henne på Vg2 og 3, og ryggar ikkje tilbake for det: Til neste år skal elevane byrja å komponera sjølve, og på slutten av tredje vidaregåande blir det eksamensframsyning med både publikum og sensorar i salen. Det heile kan minna om Idol eller andre talent-konkurransar, berre at ein ikkje mottar sensoranes vurdering framfor fullsett sal.**

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

## Visjonen

Dette høyrest nervepirrende ut, men Stina seier at det er ein type press som får fram nye sider i ho, ikkje eit press som trykkjer ho ned. Skulen har visjonen «Skapt til utfoldelse», og det er ikkje berre eit slagord; den visjonen merkast i kvardagen. «Me blir pusha til å tre ut av komfort-sona vår, bli betre kjent med oss sjølve, og visa oss fram.» Og slike utfordringar kan ikkje elevane venta med heilt til eksamen. «Allereie i starten av fyrste sku-

leåret hadde me ein presentasjonskonsert der alle måtte framføra noko. Det var litt skummelt. Men me kom gjennom det, og ingen hengte seg opp i korleis dei andre gjorde ting, eller rakka ned på nokon.»

«Me blir pusha til å tre ut av komfort-sona vår»

Den haldninga pregar livet på Kongshaug, meiner Stina. «Det er eit veldig godt miljø på skulen, -ikkje noko press på å ha bestemte klede, å oppføra seg på ein bestemt måte, eller å ha bestemte meiningar. Eg synest det er fint at også personar som ikkje kallar seg kristen, kan kjenna seg heime der. Me har to timar ekstra kristendom per veke i høve til andre studieførebuande Vg1, og me har regelmessige andaktar, men det er heilt i orden å ha andre livssyn enn det kristne, og ein treng ikkje skjula det.»

## Song, gitar, piano, kornett, althorn ....

Ungdom frå heile landet søkjer seg til Kongshaug; nokre mest på grunn av dei kristne verdiane, andre mest på grunn av det faglege tilbodet. Felles for alle er lidenskapen for musikk. Den har Stina hatt med seg det meste av livet, og for hennar del har det dreidd seg mest om song. Hennar fyrste offisielle øvingar og opptredenar hadde ho med Songbuketten, eit lokalt barnekor med røter tilbake til 70-talet. Det var Irene Nordtveit som starta koret, men på Stina si tid

hadde Norunn Markhus overtatt dirigentstokken.

«Song er hovudinstrumentet mitt, men eg har spelt mange forskjellige instrument,» fortel Stina. Gitar og piano er dei instrumenta ho føretrekkjer å akkompagnera seg sjølv med, men med Thor Bergesen som morfar var det uunngåeleg at det kom nokre blåseinstrument deisande ned i fanget på ho òg. I fleire år var ho og ei rekkje fetrar og kusiner med i familie-blåseorkesteret hans. «Der spelte eg kornett og althorn. Då eg kom til Kongshaug, var det ein stor fordel å ha erfaring med så mange instrument. Me vel oss eitt hovudinstrument – song for min del- og to bi-instrument – mine er gitar og piano. Men alle prøver ut kvarandre sine instrument, slik at me kjem borti både slagverk, fiolin og mykje anna.»

## Fem konsertar på åtte timar

Endå eit felt som alle må innom på Vg1, er dans og drama. «Eg trur det faget er lagd inn i byrjinga av studieløpet for at me skal blir ekstra godt kjende, ikkje berre med kvarandre, men også med oss sjølve. Me har skodespel, og der må me konkurrera om rollar og gå på audition. Det kan vera skremmande, men det som er gøy med det, er at dersom du får rolla, veit du at det er fordi du er god, ikkje fordi du har flaks. Me blir også nøydde til å tenkja gjennom kva oppgaver me faktisk ynskjer å ha. Det er jo mykje som skal gjerast bak scenen òg. I eitt av skodespela fann eg ut eg heller ville arbeida som sminkør enn som hovudrolleinnehavar.»

Kvart år held elevane ved skulen konsertar for publikum. På grunn av



smittevernreglar vart fjorårets haust- og julekonsertar litt spesielle. «Berre 50 gjester kunne koma på kvar konsert, så me gjennomførte fem konsertar på rad – i løpet av åtte timar. Då fekk me oppleve korleis det er å vera proff artist og stå på i timesvis. Eg merka på meg sjølv at eg nok var på topp i konsert 3 eller 4. I den siste konserten dabba intensiteten ein del av for oss alle,» seier Stina og ler.

«Eg vil bli politi. Musikken skal eg halde fram med på fritida»

### Coverlåtar og egne verk

Eg møter Stina midt i sommarferien hennar, men musikken har ho ikkje tatt fri ifrå. Heime på rommet sitt på Nordtveitgrend har ho eit lite studio med piano, gitar og lydanlegg. Der speler ho inn musikk som ho kan leggja ut på lydistribusjonsplattforma Soundcloud.

«Eg liker best å spela inn coverlåtar, t.d. «I see fire» av Ed Sheeran (sjå lenke nedanfor), men eg har foreslått for bror min, Tor Erik, at me to kan laga noko saman no i sommar. Han og to muskar-venner lagar låtane sine sjølve, og nett no er dei ute på ein Vestlandsturné. Her ein dag hadde dei konsert på Gaustatoppen.» Neste skuleår skal jo også Stina i gang med egne komposisjonar, så her har ho ein gyllen sjanse til å dra nytte av erfaren slekt.

### Lov og rett og fellesplikter

Det er pur glede og begeistring i Stina når me snakkar om musikk. Til sist kjem me inn på framtida, og då forbausar ho meg, for planane og draumane hennar handlar verken om scene eller studio. «Eg vil bli politi,» seier ho utan å stussa. «Oj,» svarer eg umiddelbart. «Ja, eg har lyst til gå i patrulje og møta folk ute på gata eller i planlagde aksjonar. Musikken skal eg halda fram med på fritida.»

Livet som politi kan synast fjernt frå musikk, dans og drama på Kongshaug,



Stina heime på Nordtveitgrend, i Selvågen.

men skulen er ikkje nokon blindveg heller. Etter tre år der har ein studiekompetanse, og for Stina gjer det ingenting at treningsmengda aukar drastisk når ho går vidare i studieløpet sitt. «No på Vg1 har me ikkje eingong gym,» seier ho. «Men det skal me få på Vg2 og 3. Dessutan er det treningsrom på skulen, og før eg startar på politihøgskulen, vil eg ta eit år i militæret.»

Nett på det militære har Stina fått ein del meir trening enn gymnasias-tar flest. Kongshaug er nemleg internatskule, og fyrste året deler elevane rom parvis. Eit så kollektivt liv fører med seg ei rekkje plikter. Elevane må følgja vaktplanar som omfattar reinhald av fellesareal, samt kjøkkentene nokre gonger i året. Kvar fredag er det romsjekk, så her er det ikkje snakk om å rydda etter innfallsmeto-

den, som bortebuande ungdom elles kan flotta seg med.

Fellesplikter! Endeleg er me komne til eit punkt der «utfoldelsen» har sine grenser. Ein viss ytre orden må til, også for musikarar. Men det er verdt det, synest Stina, og seier seg rett og slett takknemleg for det ho var vore med på i sitt fyrste år ved Kongshaug musikkgymnas.

1) Høyr Stina sin song på Soundcloud: <https://soundcloud.com/stina-eide>

**Kongshaug**  
MUSIKKGYMNAS





For mange år sidan, før VIPPS sin tidsalder, hadde presten i Samnanger og presten i Fusa ein vennleg diskusjon kring fordeling av kollekten. Det synta seg ganske snart at praksisen var litt ulik. Samnangerpresten forklarte korleis deira strategi var: «Først teiknar eg ein sirkel på bakken. Så kastar eg pengane opp i lufta. Dei pengane som landar innafør sirkelen tilhører Gud, og resten går til dekning av innsamlingsutgifter.»

Fusapresten stemte i: «Du er inne på noko. Eg òg kastar pengane opp i lufta. Då kan Gud ta dei han får tak i, så tek eg dei som dett på bakken.»

I 2021 er me i Fusa sokn heldigvis komen lenger, for no skjer det meste av kollekten via VIPPS. VIPPS er som kjent «i skya», og på den måten er alt Gud sitt heile tida. 😊 Eit godt bibelsk prinsipp.

## Friluftsklubben Noah



er godt i gang og ynskjer alle  
gutar f.o.m. 5. kl. velkommen!

4. sept – Fisking i Sævareid-  
fjorden

24. sept – «Mesternes mester»


22. okt – Bålkveld

19. nov – MAF-kveld

3. des – Juleavslutning



Ved spørsmål; Ta kontakt  
Ernst Ove Indrebø,  
tlf. 41451801



## Olsok

### Olsokgudsteneste i Holdhus kyrkje – omlag 100 års tradisjon!

29. juli var det tradisjonen tru også i år olsokgudsteneste i Holdhus kyrkje. Ei flott gudsteneste med 35 deltakarar og prest Anette Emilie Gangstø som brukte liturgien for Den norske kyrkja frå 1930. Grunnen til bruk av denne gamle liturgien var at denne gudstenesta var annonsert som 100-års-jubileum for oppstarten av olsokgudstenester i Holdhus kyrkje.

I framkant av gudstenesta heldt historikar Toril Hjartåker Hauge eit spanande og interessant foredrag om historia til olsokgudstenestane i Holdhus kyrkje. Der kom det fram at ein har to forskjellige kjelder som gjev to forskjellige svar på når den første olsokgudstenesta vart halden på Holdhus; den eine seier at det truleg var i 1921 og den andre viser at det har vore olsokgudstenester i kyrkja iallefall frå 1924. Difor seier me no «om lag 100 års tradisjon». Det var prest i Fusa på den tida, Søren Hansen, som starta denne tradisjonen, og uansett veit me at dette starta ein gong tidleg på 1920-talet. Det interessante er at dette var ei god stund før desse gudstenestene vart vanlege i resten av landet. Det vart dei i 1930, når ein markerte 1000 år si-

dan kristenretten vart innført her i landet. Fusingane, eller kanskje skal me sei prest Søren Hansen, var her før si tid. Søren Hansen var ein driftig prest, og han starta for utan olsok-tradisjonen også opp med kyrkjeblad og innsamling til aldersheim i Fusa. Dette vonar me å koma meir tilbake til i neste nr. av kyrkjebladet. Dersom nokon har opplysingar som kan føra oss nærare svaret på om det var i 1921 eller 1924 olsokgudstenestetradisjonen starta på Holdhus, ser me gjerne at de tek kontakt med kyrkjekontoret. Kanskje har t.d. nokon gamle kyrkjeblad for Fusa liggjande? Arkivet på kyrkjekontoret manglar nokre nummer av bladet frå dei første åra på 1920-talet.

Hans Einar Markus

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma







# Bli med på SeniorAlpha!

Fusa kyrkjelyd har i mange år arrangert Alphakurs på kveldstid. No tenker vi å starte kurs på dagtid for seniorar og de som er heime på dagtid. Kva er Alpha? Alpha er ein serie med samlinger som bidrar til å oppdage kva kristen tru handlar om. Kven er det for? Alpha er for alle som er litt nysgjerrige. Undervisninga legg opp til samtalar i etterkant der ein saman kan utforske det grunnleggande i den kristne trua. Det heile er venleg, ope og uformelt. Ingen spørsmål er

upassande og du kan delta i samtalen så mykje eller lite du vil. Korleis er programmet? Alpha går over ti dagar og ein lørdag formiddag. Kvar samling begynner med ein enkel lunsj. Deretter undervisning i plenum og samtaler i grupper der du kan sei det du meiner. Om du finn ut at Alpha ikkje passer for deg så kan du slutte når som helst. Her er ikkje noko form for press, ingen oppfølging og ingen betaling. Sjølvsaugt kan du vere med å spleise på matutgiftene.

Samlingane blir annankvar torsdag utover hausten frå kl 12.00 – 14.30 på Eikelandsosen bedehus. Første samling er 9. sept. og deretter torsdagane 23. sept., 7. og 21. okt., 4. og 18. nov. Kurset går over ti dagar så vi starter opp igjen med Alphadag lørdag 8. jan. 2022. Bli med i eit uformelt og sosialt fellesskap der vi undersøker sanningar i vår kristne tru saman!

**Einar Ekerhovd**

## Fornyng av Eikelandsosen bedehus

Fusa sokn er største leigetakar i Eikelandsosen bedehus. Soknet har mykje av barne- og ungdomsaktiviteten sin i bedehuset, i tillegg til gudstenester, alpha, BBL (Bibel, Bøn og Lovsongskveldar), bibelundervisning, m.m. Dette er fordi soknet ikkje har eigne lokaler i kommunalsenteret Eikelandsosen og fordi Eikelandsosen bedehus er eit godt eigna hus for mange av soknet sine aktivitetar.

Eikelandsosen bedehus er eigd av medlemmene i bedehuset og vart bygd i 1989 til bruk for alt kristent arbeid som er tufta på evangelisk luthersk grunn/teologi. Samarbeidet mellom bedehuset, dei aktive misjonsorganisasjonane og kyrkja har i mange år vore god og ein har på mange måtar drege det kristne arbeidet på bedehuset i lag. Huset har i mange år vore eit av gamle Fusa kommune sine mest brukte «kulturhus», med rundt 200 arrangement i året og 5-7000 deltakarar på arrangement. Sidan mykje av aktiviteten har vore lagt på is no i korona-tida, tok styret for bedehuset initiativ til oppgradering og oppussing av det 32-år gamle huset innvendig. Meir enn 30 perso-



*Dugnadsgjeng i sving.*

nar har delteke og mellom anna malt alle salar, vegger og tak, mange strøk. Vel 700 dugnadstimar har vorte lagt ned, og resultatet er veldig flott; lyst og fint har det vorte. Alterbiletet frå om lag 1890, som hang i det gamle bedehuset i Eikelandsosen, har kome til heder igjen og prydar no frontveggen. Det same gjeld talarstolen frå same tid som også er renovert og teken i bruk att.

Fusa sokn takkar bedehuset for godt samarbeid og bedehus-folket for flott oppgradering av huset. I fellesskap håpar og ber me om at huset på nytt



*Bli med å fylle stolane i bedehuset att etter korona-nedstenginga!*

no skal fyllast av barn, unge og vaksne – Gud til ære og lokalbefolkninga til gagn!

**Hans Einar Markhus**



REISENE BESTILLER  
VI HOS:

**TRAVELNET**  
OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os  
Tlf.: 56 30 43 00  
e-post: os@travelnet.no  
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

Vi er til hjelp  
for deg og de  
nærmeste i tiden  
etter at en nær  
slektning eller  
venn har  
gått bort.  
Du skal vite at  
du kan kontakte  
oss når som helst,  
dag eller natt. Vi  
har alltid tid til å  
hjelpe deg!

*En verdig og  
trygg avskjed*



BJØRNAFJORDEN  
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00  
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no

**Solheim Elektro as**

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimielektro.no  
www.solheimielektro.no





**Tønnegarden**



Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord  
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

Følg oss på facebook og instagram.  



**Tombre**

www.tombre.no

**SPAR** 

**Eikelandsosen**

Opningstid **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

**BUNNPRIS**

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no  
www.leiglandbygg.no

*Fusa og  
Samnanger*

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON

56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside  
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

**Strøyma**  
Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

**VI ER HER**  
www.spv.no

 Hordaland Rørteknikk AS 

56 58 09 90 hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.





# STRANDVIK

Transport og Maskin AS

\* 5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no  
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592



# Eide

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund  
Tlf. 97 59 24 88  
E-post: post@nhstrykk.no  
**Alt i trykksaker**

**SPAR**

**Fusa**

Man-fre **8-21**  
Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!**

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60  
E-post: post@lhjertnes.no  
www.lhjertnes.no



**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

**ah** MALERMESTER  
**ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**  
E-post: firmapost@alfhjelle.no



**Spesialist på trekonstruksjoner**  
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtre.no www.vlimtre.no

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86  
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

**M E C A**



**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
narbutikken.severeid@narbutikken.no

**Fusa**  
**Ferdigbetong as**

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

Tlf. **56 58 13 10**  
Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: post@fusabetong.no




# BARNESIDA




## Salomo på leiting

Det står ikkje noko i Bibelen om ein labyrint, men kong Salomo sitt kjempestore slott kunne sikkert følast som ein layrint. I denne oppgåva leitar Salomo etter tronsalen, kruna og tøflane. Kva vegar må han gå for å finne dei?



## Løys kryssordet



## VITS



Ein svenske kom innom på butikken for å klage på ei motorsag. Han hadde brukt ei veke, men greidd å felle berre eitt einaste tre. Mannen i butikken drog i startsnora for å teste maskina – og motorsaga sette i gang utan problem. – Du verden, datt det ut av svensken – Brummar den också!





# Velkommen til barnekor igjen!!!



Grunna Corona har det meste av korarbeidet vore ute av drift det siste året. No håpar me på at me skal få starte opp igjen og satsar med ny frisk! Velkommen til gamle og nye medlemmar.

**Fjord'n barnekor** er eit tilbod for born f.o.m. 5 år i 2021 og eldre. Samlingar er annakvar torsdag (i partalsveker) i Eikelandsosen bedehus kl. 17.30- 18.30. Koret brukar å delta på 1-2 arrangement i semesteret i tillegg til øvingane. Velkommen fylgjande datoar: **9. sept, 23. sept, 7. okt, 21. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des.**

«**Gjengen på taket**» er eit tilbod for dei eldste i Fjord'n barnekor, frå 4. klasse og oppover. Då møtest ein på bedehusloftet til pizza, spel og leik frå 18.30-19.30. Det blir samlingar fylgjande gongar, etter den vanlege øvinga: 23. sept, 21. okt, 18. nov.

Kontaktperson: Norunn Rød Markhus; 91 63 77 13

**Songbuketten** er eit barnekor for born i alle aldrar. Samlingane er mandagar kl. 17.30-18.30 i kjellaren på Nordtveit bedehus. I tillegg til song og musikk, brukar me å høyre ei bibelforteljing, leike litt og avslutte med mat. Velkommen fylgjande datoar: **13. sept, 27. sept, 25. okt, 8. nov, 22. nov, 6. des**

Kontaktperson: Bente May Sundfjord; 95 23 62 78



## Alle tweens; Sjå her!

I haust startar me opp med eit nytt tilbod i kyrkja: Aktivitetsklubb for alle frå 5. – 8. klasse.

Velkommen til **KLUBBEN** i Eikelandsosen bedehus fredagane 17. sept., 8. okt., 22. okt. (berre jenteklubb), 5. nov., 26. nov., 10. des. kl 19-21. Her skal me blant anna spela spel som innebandy, bordtennis, biljard, brettspel, lage ting, ha konkurransar og ei lita andakt. Det heile vert avslutta med pizza eller anna mat.

Ta kontakt med Eirun (mob. 948 88 506) dersom du lurar på noko.  
**Velkommen!!**


## Giro til barne- og ungdomsarbeidet

Vedlagd dette kyrkjebladet ligg det ein giro med moglegheit til å gje ei gåve til barne- og ungdomsarbeidet i Fusa kyrkje. Det er sjølvsagt mogleg å gje ei gåve til dette gjennom heile året, men nett no, i oppstarten av eit nytt semester, har set me særskild fokus på det.

Barne- og ungdomsarbeidet i Fusa sokn har i mange år famna vidt. Det innebær all trusoppplæring 0-18 år, konfirmantarbeid, Musikk frå livets begynnelse, arbeid med fleire bar-

nekor, søndagsskule i kyrkja, friluftsklubb, ungdomsklubb, dansegrupper og mykje anna. I løpet av pandemien har det vore vanskeleg å gjennomføra alt, og mykje har måtte liggja «på is». Men det er lys i enden av tunellen, og me håpar at me litt etter litt kan starta oppatt med mange av dei kjende aktivitetane og at me kan starta nokre nye.

Uansett er gåvene det økonomiske grunnlaget for kva me klarar å gjennomføra – soknet er avhengige av dei.



Takk for det du vil gje! Som gjevar er du ein viktig del av vår felles teneste i Fusa sokn.

Bruk òg gjerne VIPPS. Søk då opp Fusa sokn og velg kategorien «Gåve til barne- og ungdomsarb.»

**Takk!**



## Kvardagsgudsteneste for familien

Grunna koronasituasjonen blir det denne hausten eigne samlingar for 4- og 5-åringane i kyrkjekrinsane utanom søndagsgudstenestene.


Velkommen til kvardagsgudsteneste og lesestund med hovudfokus på 4 og 5-åringar. Her blir det pølse og saft til alle som kjem. 4-åringar vil på denne samlinga få sin heilt eigen Barnebibel, og 5-åringane vil få eit korsssmykke. Alle barn som kjem vil få ei lita gåve. Her er det berre til å ta med seg heile familien og besteforeldre for ei koseleg samling. Forteljinga passar for barn i alderen 4-10 år.

### Tid og stad:

- 15. september kl 16.30-17.30, Strandvik kyrkje, for 4 og 5 åringane i Strandvik, Vinnes og Fusabygda
- 17. september kl 16.30-17.30, Sævareid kapell, for 4 og 5 åringane i alle bygdene sør i Fusa
- 20. september kl. 16.30-17.30, Hålandsdal kyrkje, for 4 og 5 åringar i Hålandsdalen og Eikelandssosen
- 22. september kl 16.30-17.30, Bygdaheimen, for 4 og 5 åringane i Nore Fusa

Invitasjon kjem også i posten 😊

**Vennleg helsing Eirun og Norunn**



## Velkommen til

«Møte mellom kvinner»

Jenter i alle aldrar; set av dato-en allereie no. Den 23. oktober vert det kvinnelunsj i Eikelandssosen bedehus, kl. 12.00. Det blir fint dekkja bord og nydeleg mat, musikk, sofasamtale, foredrag til inspirasjon for trua og livet. Meir detaljert program kjem etterkvart!



## Familiemix og ungdomsgudstenester på Eikelandssosen bedehus

Gudstenestene på bedehuset er samlingar som passar på tvers av generasjonar og bygdegrensar, med eigne forenkla liturgiar der barn og ungdom er primærmålgruppa. Har du barn eller barnebarn, konfirmant eller ungdommar i heimen, trivst du med ei litt «lausare» liturgiform, er du hjarteleg velkommen til bedehuset på samlingar. Me møtest fylgjande søndagar i haust:



- 10. okt: Familiemix kl. 11.00
- 17. okt: Ungdomsgudsteneste kl. 19.00
- 14. nov: Familiemix kl. 11.00
- 21. nov: Ungdomsgudsteneste kl. 19.00
- 12. des: Familiemix kl. 11.00



## Bønesamlingar, Kveldsbibelskule og Bibel, Bøn og Lovsongskveldar

Me ser fram til å møtast til til mindre og større fellesskap igjen!! Det vert ikkje påmelding til samlingane, men smittevern vil bli overholdt. Håpar mange vil komme; å samlast til fellesskap med Gud og kvarandre er kjerna i kyrkjelydsarbeidet.

**Bønesamlingane** er altså **onsdagar i partalsveker kl. 17.30** i Hålandsdalen kyrkje, Foer Bedehus, Eikelandsosen bedehus og Nordtveit bedehus. Her fylgjer me ein enkel liturgi, og held på i ca ½ time.

**Kveldsbibelskulen** held stad på Eikelandsosen bedehus. Utgangspunktet for undervisninga er boka «Unlocking the Bible» skrive av David Pawson, men undervisninga er på norsk. Me brukar tida på å gå gjennom bok for bok i Bibelen. Her er mykje nytt å lære. Me ser på bøkene blant anna gjennom både historiske, virkningshistoriske og teologiske briller. Det er sett opp undervisningskveldar desse **onsdagane kl. 19.00: 29. sept, 27. okt, 24. nov.**

På Bibel, Bøn og Lovsongskveldane vert det andakt, mykje lovsong, bønnevandring og enkel kveldsmat. Også desse kveldane skal me samlast på **onsdagar kl 19.00.**

### FYLGJANDE DATOAR ER SETT OPP:

**15. sept.** songar av Bjørn Eidsvåg og andakt ved Svein Høysæther

**10. nov.** songar av Lina Sandell og andakt ved Per Torgeir Nilsen

**8. des.** advents- og julesongar og andakt ved David Vogel

Varmt velkommen til kvar og ein!



# vipps

## «Alt skjer på VIPPS»

Om ikkje VIPPS var så viktig for oss for eit par år sidan, så har pandemien gjort oss nesten avhengige av VIPPS no. Det digitale har nesten teke heilt over, noko me har merka i kyrkja òg. Gåver og offer kjem i større og større grad via VIPPS og me har difor gjort nokre endringar på Fusa sokn sin VIPPS-konto. Når du vil gje, anten det er offer på gudstenester eller andre typer gåver, søk opp Fusa sokn på VIPPS og velg kategori.

Når det gjeld t.d. offer på gudstjeneste, velg «Offer gudstjenester». Andre gåveføremål finst også i lista. Om ein gløymer å velja kategori så er det inga krise, pengane kjem uansett fram til Fusa sokn og blir fordelt til rett føremål. Ein kan sjølv sagt også gje gåver direkte på konto eller ofre med kontantar i kyrkja framleis.


**Takk for gåva!**

## Velkommen til møter på Eikelandsosen bedehus

Arbeidsgruppa på Eikelandsosen bedehus ynskjer velkommen til generasjonsamlingar på søndagar denne hausten. Møta vil ha mykje song og musikk, andakt, barnesamling og kaffi og saft som avslutning. Velkommen til store og små, unge og eldre.

- |                                   |   |
|-----------------------------------|---|
| - Søndag 22. august kl. 11.00.    | Andakt v/ Kåre Johan Hamre (Ims).<br>Song v/Hans Arne og Anna Christin Børsheim frå Strandebarm |
| - Søndag 19. september kl. 19.00. | Andakt v/ Svanhild Jakobsen (Israelsmisjonen). Misjonsbutikk.                                   |
| - Søndag 31. oktober kl. 11.00    | Andakt v/ Edgeir og Målfrid Gunvordal (Misjonssambandet). Trylling og isbar.                    |
| - Søndag 28. november kl. 11.00   | Andakt v/ Gro Bjørndal (Misjonssambandet).  |
| - Søndag 19. desember kl. 11.00   | Andakt v/ Marit Ådnanes (Ims)   |

Eikelandsosen bedehus v/arbeidsgruppa; Gunnar Hansen, Kumar Eikeland, Camilla R. Aarseth, Norunn R. Markhus. Arrangement i regi av arbeidsgruppa for Eikelandsosen bedehus er sjølvstendige og ikkje ein del av Fusa sokn sitt arbeid. Arbeidsgruppa er kontaktorgan for Indremisjonen, Misjonssambandet og Israelsmisjonen.



## Strandvik kyrkje

P.g.a. roteskadar i bjelkelag under deler av golvet i kyrkja, ser me oss nøydde til å gjennomføra ein større reperasjon denne hausten. I same omgang får ein ordna inngangspartiet slik at ein får rullestolrampe på framsida av kyrkja. Kyrkja blir i denne samanhengen stengd for i perioden 27. september – 25. oktober 2021.



## Hålandsdal kyrkje og kyrkjegard

I sommar har Hålandsdal kyrkje fått ei tiltrengt vøle utvendig. Delar av kyrkja er malt, noko bordkledning er skifta, takrenner og nokre skifersteinar på taket har fått tilsyn.

På gravplassen er ein no i gang med eit større arbeid. Eit gravfelt på hø-

gre sida av kyrkja, mot Eidestøa, skal fornyast. Her skal ein skifta store mengder jordmassar og klargjera for 60 nye kistegraver. I tillegg kjem det eit nytt urnefelt i øvre kanten av gravplassen. Arbeidet skal avsluttast i løpet av hausten.



**joker**

STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00  
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Os Gravferdsbyrå as



**Døgntelefon**  
**56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMESTER**



**SVENN C. STORUM**

951 56 327 storum@fusi.no

**Malerfirma**

**Kenneth Samnøen**

5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38



**HERBALIFE**  
**ERNÆRING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:  
- vektkontroll  
- vitalitet og overskudd  
- kosttilskudd for trening og idrett  
- hud- og kroppspfleie  
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

[www.signeg.goherbalife.com/nn-no](http://www.signeg.goherbalife.com/nn-no)





# Gudstenester i Fusa sokn

05.09.2021 - 31.10.2021

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>September</b>				
05.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	15. søndag i treeiningstida
12.09.	15:00	Eikelandssosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	16. søndag i treeiningstida
19.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	17. søndag i treeiningstida
19.09.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	17. søndag i treeiningstida
26.09.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida
26.09.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida
<b>Oktober</b>				
03.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
03.10.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
10.10.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	20. søndag i treeiningstida
17.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	21. søndag i treeiningstida
17.10.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	21. søndag i treeiningstida
17.10.	19:00	Eikelandssosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	21. søndag i treeiningstida
24.10.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	22. søndag i treeiningstida
31.10.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bønedeag

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

## Frå **KYRKJEBØKENE**



### Dåp

#### Fusa kyrkje

29.05.2021 Ida Lien Holmefjord  
29.05.2021 Nora Holmefjord Kolle  
04.07.2021 Cora Emmelin Vik Basmo  
08.08.2021 Oliver Hope Aarra

#### Hålandsdalen kyrkje

05.06.2021 Ella Konstanse Søvig Tombre  
05.06.2021 Julia Rosvoll Berge

#### Sævareid kapell

05.06.2021 Even Engevik Fugleberg  
20.06.2021 Matheo Eikeland Rolland

#### Sundvor kyrkje

11.07.2021 Emilie Solberg  
15.08.2021 Emily Nygård Thorbjørnsen

#### Strandvik kyrkje

18.07.2021 Niklas Nilsen  
22.08.2021 Emma Koldal Vestbø  
22.08.2021 Tobias Nygård Tveit



### Gravferd

#### Strandvik kyrkje

25.06.2021 Lars Mala, f. 18.09.1936

#### Fusa kyrkje

11.06.2021 Jorunn Koldal, f. 01.02.1928  
23.06.2021 Jørgunn Solberg, f. 10.08.1929  
10.08.2021 Kari Berge, f. 21.05.1940  
20.08.2021 Elly Borlaug Havsgård, f. 09.04.1937

#### Sundvor kyrkje

13.07.2021 Olav Tveit, f. 04.03.1938  
14.07.2021 Gerhard Nordtveit, f. 01.10.1938  
04.08.2021 Ragnhild Marie Malkenes, f. 02.11.1935

#### Hålandsdalen kyrkje

20.07.2021 Else Margrethe Skjelde, f. 25.05.1941



### Vigde

#### Strandvik kyrkje

14.08.2021 Kristina Tveit Osebakken og Joakim Daltveit

#### Holdhus gamle kyrkje

19.06.2021 June Heidi Bø og Stig Atle Gjøen



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen



## Ingebjørg – ny konsulent i Fusa sokn

*Når fusingane ringjer til kyrkjekontoret eller tek kontakt på anna vis, vil dei no treffa på ei hyggeleg dame. Det er Ingebjørg, ny konsulent på kontoret. Her er tre kjappe spørsmål til ho:*

*Mange fusingar kjenner deg, men for dei som ikkje gjer det; kven er Ingebjørg?*

Eg heiter Ingebjørg Sundfjord Gjørn, er 49 år, gift med Malvin, mamma til Trygve (snart 21 år) og Anne Mari (18 år). Eg bur i Eikelandsosen, men er oppvaksen i Sundfjord, heilt sør i kommunen. Elles er eg glad i å laga mat, stella med blomar og går gjerne på tur.

*Kva har du gjort før du begynte på kyrkjekontoret?*

Eg er utdanna allmennlærer og har jobba langt over 20 år som lærar i barneskulen i det som no er gamle Fusa kommune, i fleire ulike bygder. Eg har hatt mange fine år i skulen! For ca 10 år sidan arbeidde eg eit år som kyrkjelydspedagog saman med Norunn her på kyrkjekontoret.

*Kva ser du fram til i jobben i Fusa sokn?*

For det første gler eg meg til å vera ein del av den fine, dyktige gjengen som jobbar ved Fusa kyrkjekontor. Eg ser fram til å arbeida for ein levande kyrkjelyd saman med frivillige medarbeidarar og unge og gamle i kyrkjelyden elles. Dessutan vil eg jobba for at Fusa sokn held fram med å ha gode tenester og tilbod til forskjellige aldersgrupper og menneske i ulike livsfasar.

*Me er særst glade for å ha fått Ingebjørg med i staben på kyrkjekontoret. Ver med å be om signing og trivsel i tenesta for ho.*



## Eirun – ny kyrkjelydsarbeidar i Fusa sokn

*Etter at trusopplæringsmedarbeidar Petra Dahlström i sommar avslutta si teneste her i Fusa, er Eirun Bjøtveit Fonneland frå august 2021 tilsett som kyrkjelydsarbeidar i Fusa sokn. Hennar arbeidsoppgåver blir i første rekkje knytt til trusopplæring for barn og unge. Me har stilt Eirun tre kjappe spørsmål for å bli litt kjend:*

*Kven er Eirun?*

Eg er oppvaksen i Vikøy i Kvam. Dei siste fire åra har eg studert og budd i Bergen, der eg på fritida er aktiv i menigheten St. Jakob. Du finn meg sjeldan utan eit strikkesøy i hendene.

*Kva har du gjort før du kom til oss i Fusa?*

Etter tre år på Framnes kristne vidaregåande skule hadde eg eit år i Stavanger på Acta bibelskole der eg gjekk lovsangslinja. Eg har studert litt forskjellig, blant anna barnehagelærer, eit årstudium i KRLE og eit sommarsemester i Israel og Palestina. No har eg tatt ein bachelor i praktisk teologi ved NLA i Bergen. Gjennom studietida har eg vore aktiv frivillig i fleire forskjellige ungdomsarbeid.

*Kva er dine ynskjer for di teneste i Fusa sokn?*

Eg ynskjer å bidra til at born og ungdom skal kunne kjenne seg velkommen i kyrkja, og at dei skal få ei god trusopplæring i eit godt samarbeid mellom kyrkja og foreldra.

*Fusa sokn ynskjer Eirun velkommen inn i kyrkjelyd og arbeidsfelleskap! Ta ho og tenesta hennar med i bønene dykkar.*